

Vi viser til høyring av regionalt miljøprogram frå Fylkesmannen i Vestland

<https://fylkesmannen.no/vestland/landbruk-og-mat/miljotiltak/hoyring-av-forskrift-for-regionale-miljotilskot-i-jordbruket-i-vestland/>

For dei to tilskotsordningane *Kantsone i eng* (§ 15) og *Spreiing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen* (§ 16) blir det vist til område kartfesta av Fylkesmannen.

Fylkesmannen har no lagt ut desse karta på Fylkesatlas: <https://www.fylkesatlas.no/>. Karta ligg under temalag «landbruk» og undertema «regionalt miljøprogram». Det er mogleg å aktivere både kart for dei aktuelle vassdraga og for AR5, for å få best mogleg oversikt over det aktuelle jordbruksarealet.

Kartavgrensinga inkluderer areal i dykker kommune, og vi ønsker tilbakemeldingar på sjølve avgrensingane.

Bakgrunn for avgrensinga frå Fylkesmannen er:

1. Utgangspunktet er nedbørdfelt for aktuelt vassdrag estimert med NVE sitt verktøy NEVINA (<http://nevina.nve.no/>), som viser alt areal der vatnet renn til aktuelt vassdrag.
2. I nokre tilfelle har vi utvida til å ta med meir (evt litt mindre) areal enn sjølve nedbørdfeltet:
  - a. I tilskotsordninga for spreiing av husdyrgjødsel vår/vekstsesong er det i nasjonal instruks sett krav om at tiltaket må bli gjennomført på *alt* arealet til føretaket. Det vil likevel berre bli gitt tilskot til areal som er innanfor Fylkesmannen si avgrensing på kart. Vi har difor i nokre høve inkludert areal der vatnet renn til andre vassdrag/vassførekomstar, men for at tilskotsordninga skal bli meir aktuell å bruke. Vi har då hatt fokus på å ta med meir areal som blir disponert av føretak med mykje husdyrgjødsel, særleg mjølkebruk og svinehald / fjørfehald.
  - b. Fylkesmannen har òg foreslått at ein må ha minst 80 daa tilskotsberettiga areal. Dette er for å målrette tilskotet mot dei store føretaka der utfordringa med mengd og handtering av gjødsel er størst. Vi har i nokre tilfelle teke omsyn til dette arealkravet for aktuelle føretak ved inntekning på kart. Kor mykje areal kvart føretak disponerer innanfor avgrensinga vil likevel endre seg i takt med endringar i leigearreal.
  - c. Det har òg vore eit mål at grensa for kor ein skal få tilskot skal vere enkel å finne att på kart, og logisk å forhalde seg til for både bonde og forvalting. I ein del tilfeller følgjer difor avgrensinga vegar, eigedomsgrenser ol i staden for å følgje grensa for nedbørdfeltet. Avgrensinga vil ikkje ligge som kartgrunnlag i e-Stil når søker skal levere RMP-søknad eller når kommunen skal kontrollere. Kartet vil bli separate kart i Fylkesatlas, utanfor e-Stil.
3. Vi har prøvd å ikkje inkludere meir «ekstra areal» enn naudsynt, for å unngå tilskot til kantsonar i desse områda, som då ikkje vil vere målretta i høve til den vassførekomsten som anten har utfordring med vassforureining eller som har miljøverdi med elvemusling.

For dei vassdraga i Hordaland som tidlegare har hatt tilskot til miljøavtale-elvemusling, vil avgrensinga vere noko forandra frå tidlegare avgrensingar.